

PROTOKOLL

| | | |
|----------------------------------|--|-------------------------|
| REGIONUTVALG NORD-NORGE | | |
| Møtested: | Thon Hotel Nordlys i Bodø | |
| Dato/tid: | 10. mars 2020 kl 10.45 – kl 16.00 | Protokoll: 01/20 |
| TIL STEDE: | | |
| Arbeidsutvalg Nord-Norge: | Svein Slåtsveen, Bjørn Arne Skoglund, Tone Rubach, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng og Bente Børsheim. | |
| Regionutvalg Nord-Norge: | Bjørn Tore Søfting, Svein Erik Guttormsen, Jan Håland, Dan Vidar Rasmus, Dan Rune Larsen, Vegard Simonsen, Laila Agersborg, Kay Morten Bull, Marion E. Alvestad, Elisabeth Salo, Sunniva Skogan, Marianne Hauan, Asbjørn Hansen, Roger Simonsen, Bernhard Halvorsen, Glenn Rainer Thomassen, Birgitte Rørvik Bruun, Anders Stavrum Larssen, Grete E. Arntsen, Tone Rubach, Anne Guro Dahle, Fred Tore Fagereng, Knut Joakimsen, Bjørn Arne Skoglund, Leif-Kåre Halvorsen, Ole Ingar Johansen, Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Snorre Forsbakk, Anne Merethe Toftebakk, Frøydis Forsmo, Odd Vebjørn Vold, Hans Elling Angell, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Liv Kari Huskebakk, Merethe Hjerpbakk, Olaf Paulsen, Lene Borgan, Snorre Berfjord, Kristin Andreassen, Peter D. Nikolaisen, Håvard Knygh, Bernt Andreassen, Anne-Maren Govasli, Morten Holm, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Lisa Juliussen, Frode Bjørnå og Tor Stabbforsmo. | |
| Valgkomité Nord-Norge: | Tormod Nilsen og Liv Kari Huskebakk. | |
| Andre: | Ole Næss (sentral valgkomité) og Bjørn Andor Hanssen (1. vara krets 12) | |
| Forfall: | Morten Fredriksen, Endre Borch, Kristian Rognli, Jan-Tore Aronsen, Randi Bruun, Glenn Peter Knædal, Aleksander Lillevik, Skjalg Nordås, Ynge Herigstad (vara Lene Borgan møtte), Hugo Mørk, Eirik Alexandersen Bjørnsgård, Bjørn Torstein Arnes, Espen Hald, Lena J. Steinslett, Hanne Jonassen Harila (årsmøteutsending), Ajna Nystad (regional valgkomité), John Inge Henriksen (regional valgkomité), Berit Hundåla (sentral valgkomité) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen). | |
| Konsernstyret: | Merethe Sund | |
| Administrasjonen: | Hans Thorn Wittussen, Svein Inge Jakobsen og Brit Kari Eidseflot Hauger | |
| Referent: | Brit Kari Eidseflot Hauger | |

| Sak nr | Sak |
|--------|--|
| 1 | <p>Konstituering av møtet Svein Slåtsveen ønsket velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Svein ba om møtet si tilslutning til å bytte om sak 5 Open post/lokale saker og sak 6 Val. Det var det ingen motforestillinger mot. Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>Svein og Bjørn Arne Skoglund overraska Brit Kari med å takke ho av med blomster, gavekort og fine ord, og lukkeønskingar for ny jobb hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal frå 1. juni.</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent. Bernt Skarstad og Birgitte Rørvik Bruun vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteiar.</p> |

| | |
|-----------------|--|
| <p>2</p> | <p>Årsmelding og rekneskap for Nortura SA</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.</p> <p>Merethe orienterte om resultatrekneskapet, utvikling EBITDA pr tertial, utvikling døtre, kapitalutvikling og styret sitt forslag til disponering av årsresultatet. Vidare om utgreiing av storfeskjering.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bernt Skarstad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er hybridlån? <p>Merethe og Hans Thorn Wittussen kommenterte og svarte på spørsmålet.</p> <p><u>Vedtak:</u> Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.</p> |
| <p>3</p> | <p>Status for arbeidet med ny strategi for Nortura</p> <p>Hans Thorn Wittussen orienterte om at vi køyrer strategiprosessen i 6 steg, scenariohistorier for gode og dårlege tider i 2025, kva skjer internt og kva skjer utanfor Nortura og forhold som påverkar Nortura. Vidare at Nortura skal vere berekraftig, offensiv og attraktiv, visjonen «Inspirere til alle tiders mat», Nortura sine overordna strategiske målsetjingar spenner over fire perspektiv, finans, menneske og organisasjon, kunde/marknad/samfunn. Til slutt strategi for perioden 2020 – 2023 for Medlem og verkemiddel.</p> <p>Det vart gjennomført gruppearbeid, med fylgjande oppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Nortura har mistet tilførsler og tapt markedsandeler i tilførselsmarkedet de siste årene. I den nye strategien er det en klar målsetting om å snu den utviklingen. Det er nødvendig, både for å kunne håndtere rollen som markedsregulator på en effektiv måte og for å fungere som prissetter i framtida. Hva mener du er de 3 viktigste kriteriene som må oppfylles (i prioritert rekkefølge) for at vi skal nå målene om økte markedsandeler i tilførselsmarkedet? 2. Den Gordiske knute Nortura mister mye tilførsler fordi vi ikke er tilstrekkelig konkurransedyktig på pris. Samtidig når vi foreslår tiltak for å styrke betalingsevnen til bonde, så mister vi tilførsler da også, hvis tiltakene berører bonden enten direkte eller indirekte. Eksempler er endringer i inntransport og nedlegging av Otta-anlegget. Hvordan skal Nortura håndtere dette dilemmaet i framtida slik at ikke innsparingspotensialet smuldrer bort i utmeldingsprotester? 3. Nortura kommer i den nye strategiplanen til å sette et tydelig mål om konkurransedyktighet på utbetalingspris til bonden. Som et ledd i å styrke konkurransekraften, og i neste omgang evne til å betale bonden best mulig, jobbes det blant annet med en enhetlig industriplan. Skal den kunne realiseres vil det de neste årene bli behov for noen ekstraordinære investeringer. Gitt en situasjon der det kan bli krevende å oppfylle begge disse målsettingene samtidig: Hvordan bør Nortura prioritere da? Hvilket råd vil du gi til styret? <p>Innspel frå gruppearbeidet: Spm 1 Bente Børsheim si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pris. Synleggjere at pris ikkje berre er pr kg kjøt, men også medlemsfordelar som bankgaranti, tilleggsytingar, osv. |

| | |
|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Service overfor medlemene. Kortare veg mellom medlem og leiing/medlemsenter. Oppsøkast og tlf med spm om korleis det går. Viktig å ha ansatte som er serviceinnstilt og har kunnskap. • Bevisstgjerjing av samvirke. Få fram rolla, er eit konsern, viktig for levande distrikt. • Lojalitetsbonus? <p>Spm 1 Bjørn-Arne Skoglund si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilleggsytningar. Må marknadsførast betre; nødslaktordning, rådgjeving (kva kostar det pr kg) og nybrukarordning. • Bonus/belønning for trufaste leverandørar, som årleg etterbetaling • Styrke eigarfølelsen. Framsnakke oss bønder, skape positivitet. Vi må sjå det store biletet, drive bedriftsøkonomisk. Strategiarbeid. Samfunnsansvaret vi har må vi få betalt for. Sjølvforsyningsgraden bør aukast, vi har eigentleg ikkje overproduksjon. <p>Spm 2 Fred Tore Fagereng si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Openheit og informasjon. • Langsiktig plan for å forklare kva struktur ein ynskjer • Eigaran må tenke om vi ynskjer eit sterkt Nortura • Kjenne sterk tilhøyrigheit, arrangere samvirkeskule • Støy vert det uansett <p>Spm 2 Ragnhild Engan si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forklare medlemene på ein god, enkel og pedagogisk måte dei ulike scenaria. Må linkast opp mot formålsparagrafen, med lønsomheit på kort og lang sikt. Forklare tydeleg kvifor grepa må gjerast. • Styrke samvirketanken og forståinga. Snakke opp norsk landbruk og Nortura. Ta det negative via tenestevei. • Vise stoltheit over at vi er bønder, som har eit oppegåande og fungerande samvirke. Få betre debattarena og bruke tid på eigaran. <p>Spm 3 Tone Rubach si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Treng langsiktig plan for skjering og slaktestruktur, 10-20 år fram i tid. Samtidig må optimalisering gjerast raskt. I dag seigpining av bedrifta og oss som eigarar. Vi veit som bedriftseigarar at å investere kostar. Førslår å prioritere struktur, kan gå ned i pris ein begrensa periode, t.d. 2 år. Konkurrentane vil også senke prisen då. • Må verte betre på informasjon, må vere i forkant. Må stå for dei vala vi tek, stoppe omkampane. Må også verte betre på å få ut informasjonen, i dag når vi ikkje alle, det må vi gjere noko med. <p>Spm 3 Svein Slåtsveen si gruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktig å ha lokal foredling i Nord-Norge. Region Nord har bidratt med sitt. • Viss det vert betre økonomi for eigaran, stiller vi oss bak styret sine vedtak og tiltak. Styret er valgt for å styre. • Dersom vi skal investere, må vi vere sikker på økonomien og kvaliteten på prosjektet vere godt. • Støy vert det uansett. <p>Vedtak: Regionutvalet oversender innspela frå gruppearbeidet til styret.</p> |
| 4 | <p>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt Drift</p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om m.a. foredling pølser og deigar i Nortura og at Nortura er ein viktig aktør i region Nord.</p> |

| | |
|-----------------|---|
| | <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Roger Simonsen, Bernt Skarstad, Jørn Ellingsen, Frøydis Forsmo, Bjørn Arne Skoglund og Marion Alvestad.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er årsaka til redusert produksjon av pølser? • Er kostnad ved produksjonen inkl frakt til grossist? • Kven bestemmer kor mykje pølser og kvar det skal produserast? • Vert forvirra, tidlegare snakka om at vi må oppretthalde produksjonen ved anlegga i region Nord. Kor mykje gris vert slakta ved Bjerka og tilført Målselv? • I Nationen ikkje noko positivt. Vi har ei stor oppgåve i næringa å skrive om noko positivt. • Kor mykje kritikk kjem leverandørane til Fatland med? Viss alle tenker at vi ikkje klarer det, så søkk vi. Viss alle i båten ror, så bergar vi. • Snapp-bonde, instabonde i Nortura-regi? <p>Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> |
| <p>5</p> | <p>Open post/lokale saker</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Hans Elling Angell, Knut Joakimsen, Asbjørn Leonhard Hansen, Bjørn Andor Hanssen, Bernt Skarstad, Marion Alvestad, Olaf Paulsen, Jan Håland og Odd Vebjørn Vold.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vert sagt at vi har flinke selgarar, men salet har jo gått ned! • Er slutt på selgarar som fremmar varene våre i butikk. Er ikkje mindre sal eit resultat av dette? • Vert sagt at vi tener pengar på datterselskap, stemmer det? • Dersom dobbel mottakspålykt vert innført, er Nortura ferdig. • Lite optimisme i næringa no. Men andre løftar oss! Nofima har lagt fram rapport om Arktisk mat. Må utnytte regionale fortrinn. Skapar identitet hos produsentar og forbrukarar. Må verte flinkare til å prosjektorganisere oss. • Kvar vert nødslaktar i Nord-Troms av? • Vert det leigd inn eksterne i utgreiing om skjering? Nedgang i tilførsel på Otta etter vedtaket? • Toler ikkje fleire Otta-saker, må heller «trekke alle visdomstennene på ein gong» no • Korleis ser de på marknaden av storfekjøtt, etter nedskaleringa i mjølkeproduksjonen? <p>Merethe, Hans Thorn og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> |
| <p>6</p> | <p>Val</p> <p>Det var 54 stemmeberettiga tilstades. Tormod Nilsen la fram valkomitéen si innstilling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Fred Tore Fagereng, Bernhard Halvorsen, Jan Håland, Bernt Skarstad, Bente Børsheim og Svein Slåtsveen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor er det ikkje innstilt på Bjørn Arne i leiinga? Fred Tore Fagereng fremma benkeforslag på Bjørn Arne Skoglund som leiar av RU. • Val kan vere enkelt og triveleg ved å fylgje valkomitéen si innstilling, og vanskeleg ved benkeforslag. Benkeforslag er ikkje ulovleg, men form for mistillit. Valkomitéen kan oppleve det vanskeleg. Må stole på jobben til valkomitéen. Benkeforslag burde vore sendt inn til valkomitéen, vi skal bygge bru og ha tillit. • Har sjølv site i valkomitéen tidlegare, og arbeidet er gjort grundig. Må respektere tillitsvalde og vise tillit. Innspel må kome til valkomitéen. Dersom Bjørn Arne vert valgt som leiar vil ikkje Finnmark ha representantar i AU. • RU bør vurdere setteordførar i denne saka, slik at Svein og Bjørn Arne fritt kan snakke si sak. Førslår Ragnhild Engan. <p>Handsopprekking viste fleirtal for Ragnhild Engan som setteordførar for valet.</p> |

- Det har tidlegare vore fremma forslag på Bjørn Arne, ikkje berre no i møtet. Tillit er vist han ved å verte innstilt som varaordførar. Har ei framtid vidare sentralt.
- Dersom Bjørn Arne vert valgt som leiar, må vi ha ny kandidat som AU-medlem egg, utan at det er drøfta i valkomitéen.
- Valkomitéeen er informert om benkeforslag, og dei er bedne om å vurdere si innstilling. Dei valgte å halde på innstillinga.
- Vi har ingen eggprodusentar i Finnmark utanom Svein. Ingen svineprodusentar i Finnmark. Berre storfe- og småfe-medlemer i AU kan kome frå Finnmark. Godtek ikkje at Finnmark vert utan AU-medlem.
- Svein poengterte at han ikkje har problem med å jobbe med dei andre i AU. AU har kompetanse på alle dyreslag. Bjørn Arne er fagutvalsleiar på egg og Ragnhild leiar i fagutval småfe, og har stor påverknad. Bjørn Arne er konstituert som nestleiar, gjer ein kjempejobb. Svein er ikkje aktuell i annan posisjon enn som leiar.

Leiar i arbeidsutvalet:

Forslag frå valkomitéen: Svein Slåtsveen, Lebesby, attval for 1 år.

Benkeforslag: Bjørn Arne Skoglund, Andøy.

Valet var skriftleg.

Svein Slåtsveen vart valt for 1 år med 32 stemmer. Bjørn Arne Skoglund fekk 19 stemmer. 3 blanke.

Nestleiar i arbeidsutvalet: Tone Rubach, Harstad, ny for 1 år.

Valet var skriftleg og Tone Rubach vart valt for 1 år med 52 stemmer, 2 blanke.

Medlemar i arbeidsutvalet:

Arbeidsutvalsmedlem: Håvard Knygh, Sømna, ny for 2 år.

Arbeidsutvalsmedlem storfe: Fred Tore Fagereng, Bø, attval for 2 år.

Arbeidsutvalsmedlem småfe: Ragnhild Engan, Hamarøy, attval for 2 år.

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:

Arbeidsutvalsmedlem gris: Bente Børsheim, Vega, attval for 2 år.

Arbeidsutvalsmedlem egg: Bjørn-Arne Skoglund, Andøy, attval for 2 år.

Varamedlemar til arbeidsutvalet:

Vara arbeidsutvalsmedlem storfe: Laila Agersborg, Nordreisa, ny for 1 år

Vara arbeidsutvalsmedlem småfe: Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år

Vara arbeidsutvalsmedlem gris: Jørn Gunnar Ellingsen, Meløy, ny for 1 år

Vara arbeidsutvalsmedlem egg: Endre Borch, Tromsø, ny for 1 år

Vara arbeidsutvalsmedlem: Sunniva Skogan, Balsfjord, attval for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Utsending til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet, var ikkje på val:

Hanne Jonassen Harila, Vadsø.

Varautsendingar til årsmøtet:

1. Sunniva Skogan, Balsfjord, attval for 1 år

2. Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år

3. Endre Borch, Tromsø, ny for 1 år

4. Jørn Gunnar Ellingsen, Meløy, ny for 1 år

| | |
|---|--|
| | <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Valkomit  i regionutvalet: Lena Steinslett, Grane, ny for 3  r</p> <p>Ho vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p> vrige valkomit medlemar var ikkje p  val: Morten Fredriksen, Nordreisa Liv Kari Huskebakk, Nesna John-Inge Henriksen, Porsanger Tormod Nilsen, Tana</p> <p>Leiar i valkomit en: Tormod Nilsen, Tana, samrøystes valt for 1  r</p> <p>Nestleiar i valkomit en: Morten Fredriksen, Nordreisa, samrøystes valt for 1  r</p> <p>Varamedlemar til valkomit  i regionutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Olaf Paulsen, Her y, for 1  r 2. Nomi Anine Olsen, Tana, for 1  r 3. May Hege B rdsen, Troms , for 1  r <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> |
| 7 | <p>Orientering fr   rsm tet sin valkomit  Ole N ss orienterte om valkomit en sitt forslag.</p> <p>Ingen sp rsm l/kommentarar.</p> |
| 8 | <p>Arbeidet i kretsane og regionutvalet Svein orienterte om nye kretsar som skal i gang med Ny Giv i kretsarbeidet. Brit Kari vil ha handlingsplan fr  kretsane innan 1. mai. Til slutt kunngjorde han at kretsutvalet i kretsen Nord-Helgeland vart k ra til  rets kretsutval i 2019, og Bernt Skarstad til  rets tillitsvald i 2019. Det vart overrakt diplom og g vekort p  kr 500 fr  Medlemskolleksjonen til kvar av kretsutvalsmedlemane og til Bernt.</p> <p><u>Sp rsm l/kommentarar</u> fr  fylgjande: Fr ydis Forsmo</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vert m ter i regi av r dgjevarar belasta kretsen sitt budsjett? <p>Brit Kari kommenterte og svarte p  sp rsm let.</p> |

Svein Sl tsveen
(sign.)

Bernt Skarstad
(sign.)

Birgitte R rvik Bruun
(sign.)